

### **Kva personopplysningar handsamar Vestborg vgs?**

Vestborg handsamar personopplysningar om tilsette, elevar og deira føresette.

*Tilsette:* Namn, adresse, telefonnummer, personnummer, referat frå medarbeidarsamtaler, dokumentasjon på permisjon, utdanning og arbeidserfaring, bankkontonummer, lønnsnivå og evt. fagforeiningsmedlemskap.

*Elevar:* Namn, adresse, namn på føresette og evt. kven som har den daglege omsorga, telefonnummer, personnummer, e-postadresse, karakterar frå tidlegare skuleår på vgs., grunnlag for termin-/standpunktkarakterar inneverande skuleår, fråvær og evt. dokumentasjon på fråvær og avgjevarskule (ungdomsskulen). Vestborg oppbevarer papira frå eksterne instansar på enkelte elevar. Vestborg oppbevarer òg referat frå elevsamtaler, fagsamtaler og evt. møte om eleven.

*Føresette:* Namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse og evt. kven som har den daglege omsorga.

### **Kva formål nyttar Vestborg desse personopplysningane til?**

Vestborg nyttar desse opplysningane for å take i vare interessene til tilsette, elevar og føresette. Personnummer vert brukt for å få dei digitale systema som vert nytta i undervisninga og til informasjon til å fungere, blant anna FEIDE-pålogging for elevar og tilsette.

### **Kva er det rettslege grunnlaget for verksemda si handsaming av personopplysningar?**

Rettsleg grunnlag er Friskulelova, Opplæringslova, Forvaltningslova, Arbeidsmiljølova og Personopplysningslova med forskrifter.

### **Kven utleverer Vestborg personopplysningar til?**

Klasselister med berre namn kan utleverast til elevar ved førespurnad.

Offentlege instansar kan hente inn opplysningar om ein elev når det er relevant, og elev og føresette (dersom eleven er under 18 år) har gjeve samtykke. Dei kan òg hente inn opplysningar om ein tilsett når det er relevant og den tilsette har gjeve sitt samtykke.

Dersom andre spør etter personopplysningar skal det alltid avklarast med rektor i forkant av ei evt. utlevering av personopplysningar.

**Kor lenge vert personopplysningane lagra?**

Referat frå elevsamtaler og fagsamtaler, samt grunnlag for termin- og standpunktkarakterar vert makulert når klagefristen er gått ut. Andre personopplysningar om elevar og føresette blir i utgangspunktet oppbevart i 10 år. Fråvær og karakterar vert lagra i datasystemet Extens. Systemet er passordbeskytta, og tilgang vert gjeve etter behov/stilling.

**Kva rettar har den registrerte?**

Den registrerte har rett til å få vite kva personopplysningar Vestborg har om vedkomande. Den har òg rett til å få korrigert og evt. sletta opplysningar som ikkje er nødvendige å oppbevare.

*Stranda 12.9.2018*